

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.11.2011
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per oktober 2011**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 135/11 B

Styremøte 07.12. 2011

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. oktober 2011 til etterretning.

Oppsummering

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2010, medan aktiviteten i hovudsak er noko lågare innan psykisk helsevern. Unntaket er dagbehandling og poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern for vaksne, kor aktiviteten er høgare.

Ventetida for behandla pasientar har gått ned i alle helseføretak frå førre månad. Det er samla lågare ventetid i oktober 2011 enn til same tid i 2010. Når det gjeld langtidsventande synes utviklinga å ha flata ut og det er nødvendig med nye tiltak for å redusere talet i tråd med målet.

Det er ei positiv utvikling i talet på korridorpatientar innan somatikk. Det er ei markert endring for Helse Fonna. Innan psykisk helsevern er det ei klar betring i Helse Bergen.

Akkumulert resultat etter ti månader er kr 328,1 mill som er kr 140 mill betre enn budsjettert. Helse Stavanger har realisert 52 % av planlagd effekt av omstillingstiltaka. Helse Fonna har fortsatt svært låg realisering på tiltaka medan Helse Førde har ei realisering på 61 % av planlagd effekt. Helse Vest har ved utgangen av oktober ein netto likviditet på minus kr 922 mill. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Det samla sjukefråværet har gått opp dei to siste månadane. Dette er naturlege sesongvariasjonar. Brutto og netto månadsverk er omtrent på same nivå som sist månad, noko som er naturleg på slutten av året.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i oktober på 77 prosent, ned frå 78 prosent i september. Inntrykket av det regionale helseføretaket er på 57 prosent, som er ein tilbakegang på 2 prosentpoeng frå september. Vi ligg under snittet for alle målingane som er gjorde, som er på 57,7 prosent.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. oktober 2011.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Aktivitetsutvikling		Resultater	Mål	Status
Somatikk				
Aktivitet målt i DRG-poeng		5,9	1,5	🟡
Aktivitet målt i opphald		4,0	1,5	🟡
Poliklinisk aktivitet		7,1	4,5	🟢
Psykisk Helsevern for Barn og unge				
Aktivitet døgntilleg		-3,4	2	🟡
Aktivitet dagbehandling		-2,8	5	🔴
Psykisk helsevern for vaksne				
Aktivitet døgntilleg		-2,2	2	🟡
Aktivitet dagbehandling		8,4	5	🟢

Somatikk

Samla er det eit høgt aktivitetsnivå i 2011 sett i forhold til same tid i 2010. Det gjeld både aktivitet målt i DRG-poeng, opphald og polikliniske konsultasjonar.

Psykisk helsevern


Aktivitetsnivået innan barne- og ungdomspsykiatrien målt i liggedøgn og dagbehandling/poliklinikk er lågare enn til same tid i 2010. For den polikliniske aktiviteten/dagbehandling er dette ikkje i tråd med ønska utvikling.

Innan psykisk helsevern for vaksne er det ei ønska utvikling at aktiviteten på dagbehandling/poliklinikk stig og at bruk av liggedøgn går ned.

2. Ventetidsutvikling


Ventetidsutviklinga er positiv. Det er kortare ventetid for behandla pasientar i alle helseføretaka i oktober enn i september 2011. Det er samla lågare ventetid i oktober 2011 enn same tid i 2010.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



For ventande pasientar ved perodeslutt er det ingen endring frå september til oktober 2011. Gjennomsnittleg ventetid for alle ventande ved perodeslutt var i oktober 61 dagar for dei med prioritet og 110 dagar for dei utan prioritet. Gjennomsnittleg ventetid for alle var 84 dagar.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde




Somatikk

Innan somatikk er det for dei ventande liten endring siste månad mens det er ei betring for dei som er tatt til behandling.

Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak - Somatikk




Psykisk helsevern for barn og unge


Det er særleg lang ventetid for ventande i Helse Fonna sjølv om det no er ei betring på gang i Helse Fonna.

Ventetida for dei som er behandla går ned i alle helseføretaka med unntak av Helse Fonna kor den stig. Ei positiv tolking er at pasientar med fristbrot som har venta lenge no blir tatt til behandling.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak - BUP




Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak - BUP




Psykisk helsevern for vaksne

Det er samla sett liten endring siste månad for ventande. For dei som er tatt til behandling er det ei betring i ventetida.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne




3. Fristbrot og langtidsventande

Det må fortsatt vere stort fokus på å redusera fristbrot. Helse Stavanger har mange fristbrot innan somatikk medan Helse Fonna har hatt mange fristbrot innan psykisk helsevern for barn og unge. Det er her ei viss betring.

Samla utvikling i tal og prosentdel for Helse Vest


Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2010-okt	3023	10 %	2215	21 %	5238	13 %	2489	20 %
2010-nov	2032	7 %	2273	18 %	4305	10 %	2031	18 %
2010-des	1367	5 %	1530	15 %	2897	8 %	1451	11 %
2011-jan	1141	4 %	1261	11 %	2402	6 %	1535	14 %
2011-feb	958	4 %	1005	9 %	1963	5 %	1160	11 %
2011-mar	830	3 %	982	8 %	1812	5 %	1183	10 %
2011-apr	897	4 %	723	8 %	1620	5 %	1078	10 %
2011-mai	981	4 %	987	9 %	1968	5 %	1356	11 %
2011-jun	1005	4 %	1002	10 %	2007	6 %	1377	12 %
2011-jul	1657	6 %	563	10 %	2220	7 %	1403	14 %
2011-aug	1549	6 %	1281	14 %	2830	8 %	1629	16 %
2011-sep	1181	4 %	1405	13 %	2586	7 %	1442	13 %
2011-okt	1125	4 %	1020	10 %	2145	6 %	1241	12 %

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



Når det gjeld langtidsventande synes utviklinga å ha flata ut og det er nødvendig med nye tiltak for å redusere talet i tråd med målet.

Utvikling i tal langtidsventande (1år+) per helseføretak




4. Korridorpasientar


Det er ei positiv utvikling i talet på korridorpasientar innan somatikk. Det er ei markert endring for Helse Fonna.

Innan psykisk helsevern er det ei klar betring i Helse Bergen.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk



Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



5. Økonomi


5.1 Resultat

	Oktober			Hittil pr. oktober		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	-731	855	-1 586	13 414	12 261	1 153
Helse Bergen	17 460	8 440	9 020	166 682	120 535	46 148
Helse Fonna	-2 048	772	-2 819	-21 670	8 446	-30 116
Helse Førde	-3 616	-3 294	-322	-41 224	-33 258	-7 966
Helse Stavanger	7 518	3 342	4 176	51 350	33 280	18 070
Fellesområde, føretaksgruppa	5 168	-486	5 654	150 515	42 234	108 281
Administrasjonen	-2 117	-630	-1 487	5 201	1 278	3 923
Helse Vest IKT	2 174	-1 576	3 750	3 818	3 349	468
Til saman	23 808	7 423	16 386	328 086	188 127	139 959

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i oktober er kr 23,8 mill som er kr 16,4 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat etter ti månader er kr 328,1 mill som er kr 140 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Resultatet i oktober er kr 7,5 mill som er kr 4,2 mill betre enn budsjetttert. Etter ti månader har føretaket eit positivt akkumulert resultat på kr 51,4 mill som utgjør eit positivt budsjettavvik på kr 18,1 mill.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 95,7 mill som hovudsakleg skuldast den høge aktiviteten i føretaket. Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 76,8 mill der lønnskostnadane inkludert innleige utgjør kr 15,9 mill. Føretaket melder at kr 24,3 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit positivt avvik på lønn på kr 8,4 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 40,1 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjetttert. Gjestepasientområdet viser eit negativt avvik på kr 27,8 mill og føretaket signaliserer auka risiko for at dei somatiske gjestepasientkostnadane vil auke framover på grunn av arbeidet med å redusere talet på fristbrot.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i oktober er på minus kr 2 mill som er kr 2,8 mill svakare enn budsjetttert. Akkumulert resultat pr oktober er minus kr 21,7 mill mot eit budsjetttert resultat på pluss kr 8,4 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 30,1 mill.

Etter ti månader viser inntektene eit positivt avvik på kr 11,2 mill medan kostnadssida har eit negativt avvik på kr 41,3 mill. Personalkostnadane inkludert innleige av personell frå byrå viser eit akkumulert avvik på kr 43 mill som er kr 7,4 mill høgare enn ved førre rapportering. Hovudårsaka til det auka avviket er overforbruk av lønn til faste stillingar og overtid. Det ser ikkje ut til at føretaket klarer å redusere personalkostnadane i takt med ein relativt stor nedgang i talet på behandla pasientar i perioden, særleg innan somatikk.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

Resultatet for oktober månad viser eit overskot på kr 17,5 mill som er kr 9 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat pr oktober er kr 166,7 mill som er kr 46,1 mill betre enn budsjettert.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 120,7 mill og skuldast i hovudsak høg aktivitet i føretaket, medan driftskostnadane viser eit negativt budsjettavvik på i underkant av kr 81 mill.

Lønnskostnad og innleige viser eit marginalt negativt budsjettavvik på kr 12,2 mill og skuldast til dels den høge aktiviteten i føretaket samt eit dyrare lønnsoppgjer enn budsjettert. Avviket på kjøp av helsetenester er i hovudsak knytt til psykiatri og rus. Etter ti månader er det eit negativt budsjettavvik knytt til energikostnadar på kr 4 mill som er ein forbetring frå førre rapportering.



Alle tall i heile tusen

Resultatet i oktober er minus kr 3,6 mill som er kr 0,3 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat er negativt med kr 41,2 mill som er kr 8 mill svakare enn budsjettert.

Inntektene er hittil i år kr 4,3 mill høgare enn budsjett medan kostnadssida syner eit negativt avvik mot budsjett på kr 12,3 mill hittil i år. Lønnskostnadane viser eit meirforbruk på kr 15,2 mill og det er og eit mindreforbruk på kr 0,5 mill knytt til varekostnader. Føretaket har eit mindreforbruk innan andre driftskostnader som utgjør kr 0,1 mill og finanskostnadane har eit mindreforbruk på kr 2,3 mill.

Kjøp av helsetenester

Etter ti månader er resultatet kr 108,3 mill betre enn budsjettert. Det positive avviket er hovudsakleg knytt til kjøp av laboratorium og røntgentenester, mindreforbruk knytt til fellesprosjekt og høgare renteinntekter enn budsjettert.

Administrasjonen

Akkumulert resultat pr oktober er kr 3,9 mill betre enn budsjettert og skuldast hovudsakleg lågare bemannings- og konsulentbruk enn planlagt.

Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i oktober er kr 1,6 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 13,4 mill som er kr 1,2 mill betre enn budsjettert. Inntektene er kr 5,2 mill under budsjett. Sum driftskostnader er kr 5,4 mill lågare enn budsjettert der personalkostnadane utgjør kr 3,5 mill under budsjett og skuldast mellom anna lågare kurs- og rekrutteringskostnader samt vakante stillingar. Finansinntektene er kr 1 mill over budsjett.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i oktober er kr 3,8 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 3,8 mill som er kr 0,5 mill betre enn budsjettert.

5.2 Omstilling

Helse Stavanger

Pr oktober har føretaket realisert 52 % av planlagt effekt av omstillingstiltaka. På grunn av høg aktivitet innfrir einiskilde av føretaket sine divisjonar resultatkravet til tross for låg realiseringsgrad på dei ulike tiltaka.

Helse Fonna

Realiseringsgraden er ennå svært låg og visar 19 % realisering av plan pr oktober. Føretaket har berekna ein effekt ved årets slutt på kr 29,9 mill (42 %) av samla tiltakspakke på kr 71,6 mill. Heile kr 21 mill er planlagt realisert i november og desember. Den låge realiseringsgraden hittil samt at effekten skal realiserast så seint i året, gjer at omstillingspakken har ein vesentleg risiko.

Helse Bergen

Føretaket rapporterer ikkje på spesifikke omstillingstiltak.

Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 61% av planlagd effekt pr oktober, noko som er 13 prosentpoeng svakare enn i rapporteringa pr september. Prognosen for året viser ei effekt på 87 % av tiltaka på til saman kr 31,6 mill.

5.3 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	13 800	13 800	0
Helse Bergen	140 000	140 000	0
Helse Fonna	-10 000	10 000	-20 000
Helse Førde	-55 000	-40 000	-15 000
Helse Stavanger	40 000	40 000	0
Fellesområde, føretaksgruppa	160 000	40 000	120 000
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	300	300	0
Sum	289 100	204 100	85 000

Alle tall i heile tusen

Tabellen viser at føretaka utanom Helse Fonna og Helse Førde rapporterer ei prognose som er lik budsjettert resultatkrav.

Helse Fonna opprettheld si prognose frå førre rapportering som viser eit underskot på kr 10 mill, som er kr 20 mill svakare enn budsjettert resultatkrav. Forventa effekt av oppdatert tiltakspakke er inkludert i prognosen. Sett i lys av resultatutviklinga hittil samt at dei fleste tiltaka ikkje vil få effekt før tidligast i november er det etter administrerande direktør si vurdering ei betydeleg risiko i prognosen og utviklinga vil få ei tett oppfølging.

Basert på ei heilskepeleg vurdering vil administrerande direktør gi følgjande "best-middels-verst prognose" for føretaksgruppa:

	Avvik pr okt	Budsjettavvik - årsprognose		
		Best	Middels	Verst
Sjukehusapoteka Vest	1 153	5 000	2 000	-
Helse Bergen	46 148	40 000	35 000	30 000
Helse Fonna	-30 116	-20 000	-30 000	-40 000
Helse Førde	-7 966	-5 000	-10 000	-15 000
Helse Stavanger	18 070	15 000	10 000	-
RHF	112 202	150 000	135 900	120 000
Helse Vest IKT	468	2 000	-	-2 000
Sum budsjettavvik	139 959	187 000	142 900	93 000
Reserve	127 633	153 000	153 000	153 000
Budsjettert resultat	188 127	204 100	204 100	204 100
Resultat	455 719	544 100	500 000	450 100

Alle tall i heile tusen

Med utgangspunkt i middels prognosen vil resultatet i føretaksgruppa ligge på om lag kr 500 mill.

5.4 Likviditet


Helse Vest har ved utgangen av oktober ein netto likviditet på minus kr 922 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskreditt for året.




Driftskredittramma vil i løpet av året bli redusert og ved utgangen av året vil den vere på kr 1,998 mrd. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det trefast tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



Utvikling sjukefråvær målt i sjukefråværsdagsverk:



Samla sjukefråværsdagsverk går ned i sommarmånadene kvart år. Ein kan vidare sjå at samla sjukefråværsdagsverk stig på hausten, noko som er naturlege svingingar.

Måltalet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt sjukefråvær på 4,5 % eller lågare. Per oktober 2011 var det samla sjukefråværet på 6,9 % og sjukemeldt sjukefråvær på 5,8%.

Del einingar med samla sjukefråvær under 5,5 % og sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % - oktober:


Andel totalt sjukefråvær for alle avdelinger, periode: 201110. Denne perioden.

Tal enheter totalt	Tal enheter < 5,5% totalt sjukefråvær	Andel under 5,5%
1528	997	65,25 %

Andel sjukemeldt fråvær for Alle avdelinger, periode: 201110. Denne perioden.

Tal enheter totalt	Tal enheter < 4,5% sjukemeldt fråvær	Andel under 4,5%
1528	1019	66,69 %

Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk



Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

Helseføretaka i Helse Vest	201011	201111	Endring 2010-2011	% endring
Merarbeid i kroner	248 529 974	276 555 573	28 025 599	11 %
Overtid i kroner	292 794 526	322 884 323	30 089 797	10 %
Merarbeid i timer	1 488 198	1 553 574	65 377	4 %
Overtid i timer	685 525	726 605	41 080	6 %
Brutto månadsverk	202 209	207 362	5 152	3 %

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Rapportering er i tråd med felles nasjonale indikatorar og i tråd med rapporteringskrav frå HOD. Det er 1816 faste tilsette som har registrert sin profil per 18. november 2011.

Andel ansatte under 100% (deltid) og gjennomsnittlig stillingsprosent for utlønningsprosent, juridisk stillingsprosent og justert stillingsprosent for periode: 201111 og foretak: (Alle)

	Andel ansatte under 100 %	Gjennomsnittlig stillingsprosent	Måltal
	Kilde: Agresso	Kilde: Agresso	
Utlønningsprosent	43,04 %	84,19 %	87,70 %
Juridisk stillingsprosent	38,90 %	85,61 %	
Justert stillingsprosent	35,08 %	86,89 %	

Tal medarbeidarar fordelt på stillingstype og tid for org. eining Alle avdelinger, stilling: alle yrkesgrupper, stillingsprosent: alle stillingsprosenter og kjønn: alle kjønn

	Interne									
	Fast ansatt				Midlertidig ansatt					
	Fast	Permisjon med løn	Fungering/ konstit.	U lønna permisjon	Midlertidig	Timelønna	Vikar	Ny stilling	Totalt tal på midlertidige tilsettingsforhold	Totalt tal på tilsettingsforhold
201012	16 147	792	154	1 153	1 434	6 951	3 260		11 645	29 891
201101	16 311	808	158	1 098	1 438	6 144	3 104		10 686	29 061
201102	16 348	806	161	1 138	1 496	6 194	3 121		10 811	29 264
201103	16 417	789	167	1 147	1 542	6 408	3 140		11 090	29 610
201104	16 411	797	166	1 178	1 542	6 315	3 163		11 020	29 572
201105	16 402	793	172	1 187	1 547	6 413	3 193		11 153	29 707
201106	16 566	704	169	1 137	1 536	6 297	4 379		12 212	30 788
201107	16 525	686	160	1 136	1 547	6 202	4 473		12 222	30 729
201108	16 500	776	153	1 161	1 648	6 523	3 183	1	11 355	29 945
201109	16 637	781	161	1 160	1 691	6 415	3 211	1	11 318	30 057
201110	16 688	782	159	1 163	1 709	6 341	3 244	1	11 295	30 087
201111	16 687	759	161	1 180	1 677	5 936	3 229	1	10 843	29 630
201112										

Data overført frå Agresso: 18.11.2011 02:27

Tabellen gir oversikt over alle tilsettingsforhold. Ein medarbeidar kan ha fleire tilsettingsforhold

Fordeling av dei faste tilsette som kan starte i høgare stillingsbrøk i løpet av ein måned

Faste tilsette som kan starte i høgare stillingsbrøk i løpet av ein måned	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Totalt Helse Vest
mai	6	59	80	42	187
juni	26	85	146	78	335
juli	40	86	145	78	349
august	44	93	147	79	363
september	52	97	156	78	383
oktober	67	101	170	78	416
november	71	100	175	78	424

Per 18. november 2011


For å danna eit inntrykk av kor mange årsverk dette utgjør samanstillar vi no analysar for kvart av føretaka. Dei av våre medarbeidarar som ynskjar høgare stilling kan ha liten eller høg deltidsdel i dag. For å synleggjera omfanget utgjør dei 175 medarbeidarane i Helse Bergen totalt 25 årsverk. Ser ein dette i relasjon til andre indikatorar er det ein handterleg utfordring.

Leiarar har starta oppfølging av dei som ønskjer høgare stilling i løpet av ein måned. Per 18. november 2011 er status:

Lederoppfølging - tilbud om høyere stillingsandel - faste tilsette per 18. november 2011			
	Egen enhet	Bemanningscenter	Totalt
Ikke registrert	1	0	1
Takket ja til tilbud	33	0	33
Takket nei til tilbud	6	4	10
Totalt	40	4	44


Helse Stavanger

Sjukefråvær




68,42 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for oktober. 69,47 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 %.

Måndsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




56,61 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for oktober. 57,02 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 %.

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




60,36 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for oktober. 62,18 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 %.

Månadsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




73,48 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober. 75,99 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 %.

Månadsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




57,58 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for oktober.
60,61 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 %.

Månadsverk




Helse Vest IKT

Sjukefråvær



91,84 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober. 89,80 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 %.

Månadsverk



7. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tiltru til tjenesten	77	80	●	
Avvik tiltru pasienter/pårøren...	-3	0	●	
Inntrykk av det regionale hels...	57	80	●	
Pasienter og pårørende				
Avvik tiltru pasienter/pårøren...	-3	0	●	
Avvik tiltru pasienter og pårø...	-0	0	●	

5.1 Tiltru til tenesta – august måned

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tiltru).


Prosentdelen som har svært eller ganske stor tiltru til spesialisthelsetenesta er i oktober 77 prosent. Det er ein tilbakegang frå september, då tiltrua var på 78 prosent. Dette betyr at tiltrua går ytterlegare litt tilbake igjen etter i august å ha vore oppe på det nivået vi såg i dei første fire månadene av 2011. Endringa frå september til oktober er ikkje statistisk signifikant, men samanlikna med august er ho det. Dette er under gjennomsnittet for alle målingane, som er 79,2 prosent.

I oktober ser vi ein tilbakegang i tiltrua i Helse Stavanger (frå 81 til 78 prosent) og Helse Førde (frå 72 til 66 prosent). For begge områda er tilbakegangen akkurat ikkje stor nok til å vere statistisk signifikant. For Helse Bergen er tiltrua stabil på rundt 80 prosent, mens vi ser ein framgang frå 71 til 75 prosent i Helse Fonna.

Rangert meget stor tiltru eller ganske stor tiltru

Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Bergen	82%	●
2	Helse Stavanger	78%	●
3	Helse Fonna	75%	●
4	Helse Førde	66%	●

Utvikling over tid meget og ganske




5.2 Forskjell i tiltrua i gruppa *pasient/pårørende* samanlikna med gruppa *andre*

Forskjellen mellom dei som har vore pasientar/pårørande og dei som ikkje har vore i kontakt dei siste tre åra, er i oktober -3 prosentpoeng. Dette betyr at den samla tiltrua er litt lågare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har vore i kontakt dei siste tre åra. I september var denne indikatoren -4 prosentpoeng.

5.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket har ein ytterlegare tilbakegang frå september til oktober, noko som forsterkar nedgangen vi såg frå august til september. I oktober er denne 57 prosent, mot 59 prosent i september. Tilbakegangen er denne gongen ikkje stor nok til å vere statistisk signifikant, men ser vi dette i forhold til august, har vi hatt ein samla tilbakegang på 5 prosentpoeng, noko som er statistisk signifikant. Dette viser at også når det gjelder inntrykket ein har av helseføretaket, er vi nede på dei nivåa vi såg i mai og juni, og vi er nå under gjennomsnittet for alle målingane, som inkludert oktobermålinga er 57,7 prosent.



5.4 Forskjell i tiltrua mellom gruppa *pasientar* og gruppa *pårørande*:

Denne er i oktober 0 prosentpoeng, noko som betyr at tiltrua til spesialisthelsetenesta er lik blant dei som sjølv har vore pasientar dei siste tre åra som blant dei som har vore pårørande. I september var denne indikatoren -3 prosentpoeng.